

ÅRSMØTE SOGNDAL HOTELL, 28.-29. MARS 1998

INNHALDSLISTE

| | |
|--|---------|
| Dagsorden årsmøte..... | side 2 |
| Nokre ord frå leiaren..... | side 3 |
| Årsmelding frå styret..... | side 4 |
| Årsmelding frå Fagleiar Konkurransen..... | side 9 |
| Årsmelding frå Kvinnekontakten..... | side 10 |
| Årsmelding frå Fagleiar Hund..... | side 11 |
| Årsmelding frå Mik-instruktøren..... | side 12 |
| Årsmelding frå Fylkesinstruktør i Jegerprøve..... | side 13 |
| Årsmelding frå Fylkesinstruktør for Ettersøkshund..... | side 14 |
| Årsmelding frå Fylkesinstruktør Rifle..... | side 15 |
| Årsmelding frå Fylkesinstruktør Hagle..... | side 15 |
| Årsmelding frå Fylkesinstruktør El. Dressurhalsband..... | side 16 |
| Årsmelding frå fylkessekretær..... | side 16 |
| Rekneskap for 1997..... | side 18 |
| Budsjett for 1998..... | side 19 |
| Arbeidsprogram for 1998..... | side 20 |

Vedlegg: Resultatrekneskap og status

Bilete framside/bakside: Arvid Johan Lothe

DAGSORDEN ÅRSMØTE

- Laurdag 28. mars kl. 16.00 Oppmøte og innkvartering
16.30 Opning. Fagleg del.
Forvaltningsspørsmål. Fylkessekretærordning.
18.00 Open time
20.00 Middag, sosialt samvær
- Søndag 29. mars kl. 10.00 Årsmøtesaker
12.00 Kaffipause
14.00 Lunsj. Heimreise

NJFF vert representert ved Erling Bjørkøy, Forbundsstyremedlem

DAGSORDEN ÅRSMØTESAKER

- Sak 1 Namneoppdrag
Sak 2 Godkjenning av innkalling og sakliste
Sak 3 Val av møteleiar og sekretær
Sak 4 Val av to til å skrive under møteboka
Sak 5 Årsmeldingar for 1997
Sak 6 Rekneskap for 1997
Sak 7 Arbeidsprogram for 1998
Sak 8 Budsjett for 1998
Sak 9 Innkomne forslag
Sak 10 Val

NOKRE ORD FRÅ LEIAREN

Sogn og Fjordane Jeger og Fiskerforbund har i sitt arbeidsprogram mange og viktige oppgåver som skal løysast i året. Status ved årets slutt avspeglar aktivitet og resultat både for eit samla styre og den enkelte tillitsvald. Ein sentral del av arbeidsprogrammet det siste året har vore ein målretta innsats for å tilrettelegge breidde av aktivitetar spesielt for kvinner. Ut frå interessa til å delta på desse samlingane må vi i høgste grad kunne seie at dette var vellukka satsing, og eit godt fundament for medlemsverving retta mot denne kategorien potensielle medlemer.

For ein kvar organisasjon er tilgang til nye medlemer avgjerande for å oppretthalde ei positiv medlemsutvikling. Mykje kan tyde på at den framtidige medlemsmasse ikkje blir så stabil som tidlegare, men i større grad både kjem og går. Med andre ord så vert utfordringane større i tida framover for å oppnå ein stabil medlemsmasse. Slik eg ser det vert det nødvendig å bli betre på tilrettelegging av aktivitetar, som er tilpassa, ikkje berre menn i førtiåra, men ein meir målretta innsats mot andre grupper der potensialet er stort, og her kan gjerast ein betre jobb på alle plan i organisasjonen.

Foreiningsstrukturen i vårt fylke er ut frå folketal og topografi naturleg nok mange små og mellomstore jeger -og fiskerforeiningar. For å kunne oppnå auka aktivitet og medlemsfordelar vil i mange tilfelle regionalt samarbeid vere ei god løysing. Eit godt døme på det var siste års Vestnorsk Villmarksmesse i Stryn, der tre lokale JFF i samarbeid med SFJFF, gjennomførte eit stort arrangement. Dette kan vere eit av fleire eksempel på samarbeidsprosjekt der fleire JFF i ein region kan oppnå ein mykje større PR -effekt i marknadsføringa av sin JFF, enn kvar for seg.

SFJFF har i året som er gått gjennomført utgjeving av medlemsavis. Etter som avisa var ny og i etableringsfasen vart storparten av stoffet henta frå SFJFF. Den framtidige medlemsavisa bør i sterkare grad hente stoff frå lokale JFF og enkeltmedlemer, dette for å få ut større mangfald av stoff og samtidig vil dette vere ein god innfallsvinkel til å informere medlemsmassen.

Når eg no takkar for meg som leiar av SFJFF er det naturleg nok med blanda følelsar. Eg har gjennom alle desse åra hatt glede av å vere ein del av eit jeger-og fiskemiljø, og samarbeid på alle plan både i organisasjonen og med dei som har ansvaret for forvaltning av vilt og fisk. Sjølv om det til tider har gått med i meste laget av fritida, så har dette likevel vore verdt å bruke tid på, ikkje minst med tanke på alle nye impulsar og idear som eg har fått tilført, og som eg håpar har kome organisasjonen til nytte. Eg vil samtidig takke dei som eg har samarbeidd med i styret for eit positivt samarbeidsklima, og ønskje både dei gamle og nye i styret lukke til framover.

Audun Sande

SFJFF - ÅRSMELDING FOR 1997 FRÅ STYRET

Styret har i 1997 vore samansett slik:

| | | |
|-------------------|---------------------|--------|
| * Audun Sande | Formann | |
| Kristin Halvorsen | Nestleiar | |
| Gunnstein Husdal | Sekretær | |
| * Terje Espe | Kasserar | |
| Arve Myklebust | Ungdomsleiar | |
| * Odd Inge Hagen | Fagleiar Vilt | |
| Arvid Pedersen | Fagleiar Fisk | |
| * Odd Reksnes | Fagleiar Konkurrans | 1.vara |
| Rune Torgersen | Fagleiar Hund | 2.vara |

Kristin Halvorsen har fungert som kvinnekontakt.

*Desse er på val.

Frå SFJFF er desse med i Norges Jeger - og Fiskerforbund sitt styre og utval:

| | |
|--|---------------------|
| Bjarne Huseklepp, Jegerpr./MIK- instruktør | Forbundsstyret |
| Håkon Huseklepp | Sporstfiskarutvalet |

Status - gjennomføring av arbeidsprogram for 1997:

*** Formannskonferanse**

Kommentar: Vart gjennomført 28.-29. nov. på Sunnfjord Hotell. Det møtte representantar frå lokallag, fylkesslag og NJFF sentralt. Innlegg/Foredragshaldarar: Kjell Inge Skjerveggen-Statsskog, Jaktkonsulent Sven Stenbrenden -NJFF, Audun Sande -SFJFF, Torunn Rygg - Fylkessekretær.

Innlegg ved Geir Ulfstein -Sogndal JSFL, angående brislingfiske i indre Sogn, Inge Nedreberg- Stryn og Hornindal JSFL, angående tildeling av hjorteløyve knytt opp mot rutinane for ettersøkshund. Det vart utarbeidd ein resolusjon vedrørende Fylkesmannen sitt vedtak om å utvide hjortejakta i Sogn og Fjordane.

*** Samarbeid med Fylkesmannen om tildeling av midlar frå vilt- og fiskefondet**

Kommentar: Det vart gjennomført eit møte med Fylkesmannen om tildeling av midlar

*** Vidareføre samarbeidet med Fylkesmannen**

Kommentar: Det vart søkt om midlar til MIK-kurs, men ikkje innvilga hos Fylkesmannen. Fagleiar Fisk, Arvid Pedersen var på møte i "Lakserådet" i byrjinga av desember -97. Det har vore arbeid med oppheving av jaktforbod i verneområda i Sogn og Fjordane og med "hjorteutvala" som skal opprettast i kommunane.

*** Fiskeplassar for personar med fysisk handikap.**

Kommentar: Har fått spørsmål om informasjon frå nokre få lokallag.

* **Forvaltning av vilt- og fiskeressursar**

Kommentar: Høyring på fisketider for laks/sjøaure. Uttale om rotenonbehandlinga av Lærdalselva.

Prosjekt vedrørende småviltregistrering - her skal ein prøve ein ny innfallsvinkel for å kome i gang.

Uttale om utvida hjortejakt. Møte i lakserådet i des.-97, Fagleiar Fisk møtte.

* **MIK - kurs**

Kommentar: Gjennomført 29.-30. november på Sunnfjord Hotell, Førde.

Foredragshaldarar:

Merete Farstad, Fylkesmannen i S. og Fj. (Forsuringssituasjonen i S. og Fj.)

Gunnar Kjørvik (Utfiskingsprosjektet i Breimsvatnet)

T. Engvik, S. og Fj. Skogeigarlag (Lokal forv. og driftsplanlegging av vilt- og fiskeressursane)

Bjarne Huseklepp (Fiske, kultivering og kallkingsprosjektet i Guddalsvassdraget)

Sven Stenbrende, Jaktkonsulent NJFF (Jaktleiaren sitt ansvar og utfordringar)

Johan Trygve Solheim (Norsk Kompetansesenter for hjort på Svanøy)

Bjarne Rang (Mineralsalt-tilskot for hjortevilt)

Nils Olav Kongsvik (Presentasjon av Storebrand-avtalen)

* **Kurs og studieverksemd**

Kommentar:

Fylkesinstruktør hagle: 7. - 9. febr.: Lokallagsinstr. kurs hagle trinn II, Luster

24.-26. okt.: Haglekurs kvinner, Luster

Fylkesinstruktør jeg.pr.: 12.-13. april: Kurs for nye jegerprøveinstruktørar

Fylkesinstruktør Mik: 29.-30. nov.: MIK-kurs, Førde

Fylkesinstruktør rifle: 28. sept.: Rifleinstruksjon kvinner, N.Eid

Fylkesinstruktør ettersøk: 9. - 10. mai: Dommarkurs ettersøk, Sogn

27.-29. juni: Dommarkurs jegertrap, Eid

5. - 7. sept.: Flugefiske kvinner, Hauglandss./Guddal (Bj.

Huseklepp)

6. - 7. sept.: Havfisketur kvinner, Florø (Kristin Halvorsen)

* **Medlemsverving med spesiell vekt på kvinnesatsing**

Kommentar: Kristin Halvorsen har fungert som midlertidig kvinnekontakt. Sterk fokusering på kurs for kvinner, satsing på forholdet til media. Vervekampanje i medlemsavis. Utdeling av bet.blankett på Villmarksmessa i Stryn.

* **Koordinere lokale kurs**

Kommentar: Info nr. 3 -97 med oppmoding om å halde kurs.

* **Treningsområde for fuglehundar**

Kommentar: Fagleiar hund, Rune Torgersen, prøvar å innhente tillatelse frå grunneigarar på Gaularfjellet.

* **Medlemsavis**

Kommentar: Namn: "Jeger & Fisker". Fylkessekretær byrja arbeidet pr. august -97.
Utsending i oktober. Opplag ca. 3000.

*** Koordinere samarbeid lokallag imellom**

Kommentar: Vestnorsk Villmarksmesse, eit vellukka arrangement med god samarbeidsånd.
Oversikt jakt- og fiskevald som lokallaga disponerer, i medlemsavisa.

*** Gjennomføre Vestnorsk Villmarksmesse**

Kommentar: Vart gjennomført 25.-27. april.

*** Messeavis**

Kommentar: Vart sendt til alle husstandar i Stryn, Hornindal, Eid og Gloppen, samt til alle medlemmer. Vart òg utdelt på messa.

*** Medlemsdebatten 1997**

Kommentar: Hadde Formannskonferanse med temaet. Tok opp att strategidokumentet på årsmøtet og styret avga svar på styremøte 11/4. F.sekr. samanfatta svar frå lokallaga og sendte to svar til forbundet, eitt frå lokallaga og eitt frå fylkeslaget.

*** Aktivitetstilbod for ungdom**

Kommentar: Det var planlagt ungdomsleiarkurs trinn II, men dette vart ikkje gjennomført.

*** Meir kontakt med lokallaga**

Kommentar: Telefonkontakt med lokallaga, ved oppmøte prioritere lokallag med liten aktivitet.

*** Småviltregistrering**

Kommentar: Prøvde å få innspel frå Fylkesmannen, DN og NJFF, men liten interesse.
Har fått innspel frå kommunar og jaktvald. Fagleiar vilt vil på nytt ta kontakt med FM og prøve å eventuelt finne ekspertise på annan måte! Forskar ved Høgskulen i Sogndal vil vere behjelpeleg med det faglege opplegget.

*** Oversikt over jakt- og fiskevald.**

Kommentar: Har samla inn opplysningar hos dei aller fleste lokallaga. Desse vart så trykt i medlemsavisa oktober-97.

*** Aktivisere lokallag med lita drift.**

Kommentar: Satsing på skulen.

Styremøte:

Styret har halde 7 styremøte og handsama 61 saker.

Informasjon frå styret:

Styret har sendt ut sakliste og referat frå styremøta til lokallaga, fylkesinstruktørar og NJFF.

Fylkessekretær:

Stillinga som fylkessekretær vart auka frå 60% til 80% frå og med 1. juli 1997.
Reidun Solberg Seim gjekk ut i eitt års permisjon frå 9.juni -97. Torunn Rygg byrja i vikariatet 1.august 1997.

Representasjon:

Leiaren i SFJFF har representert fylkeslaget ved følgjande arrangement:

- * 25.-27.04 Vestnorsk Villmarksmesse, Stryn
- * 30.-31.08 Formannskonferanse, Oslo
- * 14.-16.11 Landsmøte, Oslo
- * 28.-30.11 Formannskonferanse, Lokal jakt-og fiskeforv.(Mik), Førde

Media:

Leiaren har vore med på følgjande innslag:

- * 23.04 Rapportering av fangstresultat frå småviltjakta til DN. Vestlandsrevyen
- * 26.04 Vestnorsk Villmarksmesse. Friluftsmagasinet
- * 29.05 Forvaltning av villaksen. Firda

Utsendingane til Landsmøtet:

(Det kunne veljast inntil 4 representantar frå Sogn og Fjordane)

Audun Sande (Fylkesleiar er utanom kvoten)

Arve Myklebust (Ungd.leiar er fast utsending)

Vidar Sylvarnes

Ove Bjørlo

Håkon Huseklepp

Arve Nes var 1.vara og reiste i staden for Vidar Sylvarnes.

Fylkessekretær Torunn Rygg reiste som observatør.

Medlemsutvikling:

| <u>Namn på laget:</u> | <u>Medlem. 1.1.96</u> | <u>Medlem. 22.1.97</u> | <u>Medlem. 14.01.98</u> |
|-------------------------------------|-----------------------|------------------------|-------------------------|
| Askvoll og Holmedal JFF | 57 | 61 | 56 |
| Aurland JFL | 194 | 192 | 201 |
| Balestrand JFF | 23 | 31 | 29 |
| Bryggja og Omegn JFF | 14 | 15 | 15 |
| Eid JF | 162 | 167 | 181 |
| Fjaler JSPFL | 21 | 24 | 26 |
| Flora JFF | 121 | 135 | 170 |
| Førde JFL | 188 | 196 | 206 |
| Gaular JFL | 58 | 67 | 76 |
| Gloppen JFL | 121 | 123 | 129 |
| Gulen JSPFL | 39 | 40 | 38 |
| Hyen JFF | 46 | 46 | 45 |
| Hyllestad JFL | 45 | 49 | 51 |
| Høyanger JFL | 171 | 181 | 192 |
| Jølster JSPFL | 37 | 37 | 36 |
| Leikanger JFL | 83 | 93 | 93 |
| Luster JFL | 142 | 158 | 142 |
| Lærdal JFL | 106 | 106 | 105 |
| Naustdal JFL | 28 | 27 | 29 |
| Selje JFF | 8 | 9 | 8 |
| Sogndal JSPFL | 161 | 176 | 207 |
| Solund JFL | 5 | 5 | 3 |
| Stryn og Hornindal JSPFL | 50 | 56 | 87 |
| Svelgen JFF | 34 | 33 | 33 |
| Sørgulen JFL | 14 | 14 | 13 |
| Vik JFL | 74 | 76 | 72 |
| Årdal JFF | 471 | 539 | 549 |
| Sum aktive/passive medlemmer | 2516 | 2705 | 2792 |

I tillegg er det pr. 14.01 1998 98 direkte medlemmer til NJFF.
Medlemstalet viser ein oppgang på 3,2 %.

ÅRSMELDING FRÅ FAGLEIAR KONKURRANSE

Jegertrap/leirduesti:

Sesongen for leirdueskyttarane har stort sett vore som normalt med jevnleg deltaking rundt om i fylket. Elles slit ein framleis med rekrutteringa av unge og eldre.

Skyttarane frå fylket markerer seg godt ute mellom eliten i Noreg. Under NM i Trondheim i juli månad vart Geir Vie frå Førde nummer to i leirduesti og berre ein treff frå å ta med seg kongepokalen heimatt. Nils Gjelsvik frå Askvoll/Holmedag vann kl. B under NM i jegertrap same stad. Elles er arbeidet med NM i jegertrap og leirduesti i Førde i 1999 alt kome godt i gong og vert leia av Paul Olaf Baraas frå Førde. Det er klubbane Førde, Leikanger og Askvoll/Holmedal som skal stå som arrangørar. Årets Landsdelsmeisterskap er denne sesongen tildelt Luster Jakt og Fiskelag.

Fylkesmeisterskapen i jegertrap vart arrangert i Årdal der Gunnar Leknes frå Askvoll vann framfor Geir Vie frå Førde og med Oddbjørn Mulen på tredje plass. FM i leirduesti gjekk på bana til Askvoll/Holmedal, og her vart Oddbjørn Mulen frå Førde vinnar framfor Kurt Langeteig frå Leikanger og Loyd Mandelid frå arrangørklubben. I LM i Samnanger vart Oddbjørn Mulen andremann framfor Kurt Langeteig frå Leikanger.

Elg- jaktfeltskyting:

Her har det vore ein nedgang i elgskyting på heile 30%. I jaktfelt har det vore eit normalår rundt om bortsett frå Eid som har stor oppgang på deltakarar på denne greina. Det ser ut som Eid driv godt med å få nye skyttarar til banene. Eid skal òg arrangere Landsdelsmeisterskap i elgskyting og FM i jaktfelt. Førde tek seg av FM i elg.

I FM elg som vart arrangert på Eid vann Per Ove Gangdal, Eid, Sigmund Bjørlo og Magnar Nytingnes frå Eid kom på dei neste plassane.

Kjell Tonheim frå Florø vart fylkesmeister i jaktfelt med Sigmund Bjørlo og Magnar Nytingnes frå Eid på dei neste plassane.

Stemneavgift:

Det er frå og med -98 sesongen innført stemneavgift med kr. 5,- pr. deltakar pr. stemne. Dette er for å dekke inn premiar som vert belasta fylkeslaget.

Budsjett:

| | | |
|----------------------|------------|------------|
| Inntekt stemneavgift | kr. 2500,- | |
| Utgifter premiar | | kr. 2500,- |
| Telefon/porto | | kr. 800,- |

Med helsing
Odd Reksnes
-Fagl. Konkur.-

ÅRSMELDING FRÅ KVINNEKONTAKTEN

Sogn og Fjordane Jeger og Fiskerforbund gjekk friskt ut hausten 1997 med uttalen “Vi skal bli landets beste fylke når det gjeld å tilretteleggje for kvinner som ynskjer å drive med jakt og fiske”. Etter den kraftsalven har vi utretta følgjande:

Flugefiskehelg på Hauglandssenteret med fiske i Guddalsvassdraget 5.-7. sept. 1997:

Kurset inneheldt: foredrag om fiske og fiskekultivering i Guddalsvassdraget, teori om flugefiskeutstyr, kastetrening på land, flugebinding og ørretfiske i Guddalsvassdraget.

Instruktør: Bjarne Huseklepp

Deltakarar: 14 stk. (Spreiing frå 20 år til pensjonsalder). God geografisk spreieing.

Pris kr. 800,- pr. deltakar. Støtte fiskefondsmidlar: kr. 11 000,-

Havfisketur med utgangspunkt frå Florø til øyande utanfor 6.-7. sept. 1997:

Program for helga var fiske med stang, setting/trekking av krabbeteiner og garn, tilberedning av fangsten og sosialt samvær.

Veiledning fekk vi frå mannskapet på “Stabben”.

Deltakarar: 12 stk. (Alder ca. 25 til 50 år). Sunnfjord-/Nordfjordregionen.

Pris kr. 300,- pr. deltakar. Ingen støtte.

Riflekurs på “Tua” i Stigedalen, Nordfjordeid 28. sept. 1997:

Program var teori om våpenhandtering, blinkskyting, skyting på hjortefigur og løpande elg, og skytetrening på ulike hald.

Instruktør: Arne Olav Bjørlo, Fylkesinstruktør rifle SFJFF.

Deltakarar: 8 stk. (Alder rundt 30). Nordfjordregionen.

Pris kr. 150,- pr. deltakar. Støtte viltfondsmidlar : kr. 5 000,-

Haglekurs i Gaupne med småviltjakt på Sognefjellet 24.-26. okt. 1997:

Program var teori m/video “Bedre haglekudd” av Rune Flodman og “Vådeskuddet”, tilpassing av våpen, instruksjon om haglekyting, leirdueskyting, rypejakt med hund på Sognefjellet (for dei med jegerprøve).

Instruktør: Per Gunnestad, Fylkesinstruktør hagle SFJFF og Helene Lindskog, Gaupne.

Deltakarar: 12 stk. (venteliste: 12 stk.). God geografisk spreieing.

Pris kr. 300,- pr. deltakar. Støtte viltfondsmidlar: kr. 5 000,-

Reiser/deltaking:

Eg deltok på samling for kvinnekontaktene i Asker 13.-15. juni -97. I tillegg har eg delteke på samtlege kurs for kvinner hausten -97, bortsett frå Flugefiskekurset, der eg kun var innom og informerte om kvinnesatsinga. I samarbeid med fylkessekretær hadde vi to PR-framstøyt, det eine for å reklamere for haglekyting (NRK-Sogn og Fjordane), den andre om kvinnesatsing generelt. (Firda).

Pressedekning:

Vi har hatt god pressedekning på samtlege arrangement med annonsering og omtale både før og etter. Vi hadde eit innslag på Sogn og Fjordane lokalradio med Birger Meland,- ein reportasje frå Kråkenesmarka for å marknadsføre haglekurset. Til annonsering har vi brukt Firdaposten, Fjordenes Tidende, Sogn Avis og Smia Nærradio. Vi har fått omtale i Firda, Sogn Avis, Fjordabladet, Nettverksposten for kvinner i Sogn og Fjordane m.m.

Planar for 1998:

Vi arbeider med ein folder som skal ut i slutten av mars -98 som omtalar kurs og turar som er planlagt for 1998. Den vil fortelje om jenter på jakt og fiske, medlemsfordelar i NJFF og gje ein oversikt over lokallaga i Sogn og Fjordane. Den vert 100 % reklamefinansiert.

Det vil verte instruksjon i haglekyting for jenter ca. ein gong i månaden i Nordfjord, (Eid JF), Sunnfjord (Førde JFL), og Sogn, (Årdal JFF) med avslutning med småviltjakt i området Sletterust/Tyin der Årdal JFF er medarrangørar. Det vert to havfisketurar, ein i Bulandet og ein vest i havet frå Florø. Det vert òg viltstellkurs på Norsk Hjortesenter på Svanøy med slakting, partering og tilbereding av vilt. I samarbeid med Hyen JFF vert det ein familiedag i Gjengedalen.

Som eit forsøk på medlemsrekruttering vert prisane i år rimlegare for dei som er medlem enn for andre.

Vi merkar at interessa blant jentene er aukande, og vi håpar med dette at vi greier å rekruttere fleire jenter til lokallaga.

Med helsing
Kristin Halvorsen
-Kvinnekontakt-

ÅRSMELDING FRÅ FAGLEIAR HUND

Det har vore liten aktivitet i 1997.
Har arbeidd med treningsområde for fuglehundar.

Med helsing
Rune Torgersen
-Fagl. Hund-

ÅRSMELDING FRÅ MIK-INSTRUKTØR

Det vart arrangert Mik-kurs på Sunnfjord Hotell 29.-30. november. Målgruppa var medlemmer i lokale JFL, grunneigarar og kommunar. Programmet var allsidig og femna over

både vilt og fisk. Det deltok rundt 70 personar. Det vart ikkje gjeve støtte frå Fylkesmannen til samlinga i 1997. Det medførte at deltakarane måtte dekke alle sine utgifter sjølve.

Denne samlinga har no fått gode tradisjonar. Når vi ser dei store utfordringane som ligg i driftsplanarbeidet m.a., er det viktig å sikre god skulering av våre lokallag i lag med våre samarbeidspartnarar. Det er ei utfordring å vidareutvikle den gode tonen som er mellom FM, grunneigarar, kommunane og SFJFF.

På bakgrunn av dette meiner eg at samlinga i 1997 signaliserte ei ny og positiv vending i dette arbeidet. Så langt er det SFJFF v/mik-instruktøren som har teke mesteparten av ansvaret for arrangementet. I 1997 gav både grunneigarorganisasjonane og FM klare signal om at dei vil bidra sterkare i framtida.

Arbeidsprogram for Mik-instruktør 1998:

Første mål for 1998 er å avvikle eit møte der representantar for grunneigarorganisasjonane, kommunane, fylkesmannen og SFJFF v/Mik-instruktør møtest og får drøfta felles utfordringar i lokalt vilt- og fiskestellarbeid fram mot 2006. Oppgåva vert å finne ut kva felles informasjons- og skuleringsbehov som er til stades hos dei ulike partane i samarbeidet. Får vi til dette, vert det eit pionerprosjekt i norsk samanheng.

Andre mål er å verte samde om kva som bør prioriterast i 1998. Ansvarsfordeling av gjeremål under arrangementet.

Tredje mål er å arrangere eit vilt- og fiskeseminar 28.-29. november. Framlegg til tema: Utfordringar i lokal vilt og fiskeforvaltning mot 2006.

Alle som deltok på Hjorteseminaret i 1995 og Mik-kurset i 1997 vert inviterte. I tillegg går det ut invitasjon til alle JFL, grunneigarorganisasjonar og kommunar i Sogn og Fjordane.

Budsjett for Mik-instruktør 1998:

Kurset må vere sjølvfinansierande. Men Mik-instruktør bør kunne disponere inntil kr. 5000,- til utgifter i samband med planleggingsarbeidet.

Med helsing
Bjarne Huseklepp
-Mik-instr.-

ÅRSMELDING FRÅ JEGERPRØVE-INSTRUKTØR

Eg overtok som jegerprøveinstruktør i 1995. Frå og med 1996 måtte alle tidlegare godkjende jegerprøveinstruktørar gjennomføre eit oppdateringskurs (fase 3-kurs) for å kunne fungere vidare. Ingen kan praktisere som instruktør, utan denne oppdateringa på den praktisk-obligatoriske delen i jegerprøva.

Arbeidet har gått godt, men det er enno kommunar som ikkje har egne jegerprøveinstruktørar.

Målet er å ha minst 3 instruktørar i kvar kommune. Dette gjer det lettare for instruktørane å samarbeide og utnytte sine sterkaste sider. Det er svært gledeleg at det vert fleire kvinnelege instruktørar.

Kurs 1997:

Eg arrangerte kurs for 11 nye instruktørar og 2 som gjennomførte fase 3 kurset 12. og 13. april i Førde.

Askvoll og Solund har no egne instruktørar også.

Status pr. 10.01.98:

Det manglar godkjende instruktørar i desse kommunane:
Høyanger, Hornindal, Leikanger, Naustdal og Selje.

Kommunar med berre 1 instruktør:

Balestrand, Bremanger, Fjaler, Jølster, Vik og Årdal.

Eg vil takke alle instruktørane for velgjort arbeid. På fylkesinstruktørsamlinga i des. 1997 gav DN ros til NJFF for jobben som vert gjort i samband med jegerprøva/instruktørutdanninga. Mi oppgave er å bere denne heideren vidare til "fotfolket".

Arbeidsprogram og budsjett for jegerprøveinstruktøren 1998:

Eg har planlagt eit kurs for nye instruktørar 21.-22. mars på Sunnfjord Hotell.

Økonomiske konsekvensar:

Jegerprøveutdanninga skal vere sjølvfinansierande. Jegerprøveinstruktøren må disponere ein stønadssum på kr. 4500,- for 1998. Dette er pengar som vert overførte frå NJFF etter dokumenterte utgifter.

Med helsing
Bjarne Huseklepp
-Jegerpr.instr.-

ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR ETTERSØKSHUND

Det har vore liten aktivitet i 1997.
Dommarkurs i Gaular den 3. og 5. mai med 5 deltakarar.
Ein del trening med hundar i nærområdet her.

Kurs for vidaregåande ettersøk (fase 3) ser det ut for at det ikkje er interesse for.

Nye dommarar i Sogn og Fjordane for ettersøkshund:

Kjell Aage Birkeland, 6830 SANDE

Rudi Sønnervik, 6800 FØRDE

Jan J. Austrheim, 6860 SANDANE

Birger Hogrenning og Lidvind Hage har att aspirant-prøva på ferskspor.

Har vore dommar i Naustdal, Flekke, Gaular og Jølster.

I Naustdal, Flekke og Gaular hadde eg med aspirantar som alle bestod aspirant arbeid.

Antal godkjende ettersøkshundar i fylket:

Totalt: 284 Eige vald: 20 Ettersøk 264 pr. 3/12 -97.

Dette er ei auke på 25 på ettersøk frå 31/12 -96.

Til hundeeigarar som har hatt godkjende ettersøkshundar:

Når De har mista eller avliva hunden må de sende skriftleg melding til NKK slik at hunden går ut av registeret for ettersøkshundar.

Arbeidsprogram for 1998:

Vidaregåande kurs - ettersøk

Dersom det er lag som er interesserte i vidaregåande kurs -ettersøk (fase 3) i 1998, så må eg få melding seinast den 31/7 -98.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/viltforvaltar Jon Jordanger har gjeve Sogn og Fjordane Jeger og Fiskerforbund kr. 15.000,- i tilskot til eit arbeidsseminar for ettersøkshundringar på Skei Hotell i mars månad.

Med helsing

Alf Bruland

-Fylkesinstr. Ettersøkshund-

ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR RIFLE

Det har ikkje vore noko stor aktivitet i løpet av 1997.

Har vore med lokalt med instruksjon og rettleiing ved øvelsesskyting før jakta.

Den 28. sept. vart det arrangert rifleinstruksjon for kvinner på skytebana på "Tua".

Noko teori i tillegg til blinkskyting, hjortefigur, løpande elg m.m.

Når det gjeld arbeidet i 1998 så er ein avhengig av å få inn tips og ynskje om kva som skal gjerast.

Dersom interessa er til stades kan det bli aktuelt å få til regionale kurs, td. i Sogn eller i Sunnfjord.

Med helsing

Arne-Olav Bjørlo

-Fylkesinstruktør Rifle-

ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR HAGLE

Har hatt god aktivitet i 1997. Blant anna lokallagsinstruktør-kurs trinn II 7.-9. februar, nokre kveldskurs og helgekurs, og kurs for kvinner 24.-26. oktober.

Trekte seg som fylkesinstruktør hagle kring årsskiftet.

ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR EL.DRESSURHALSBAND

I 1997 har aktiviteten ute i distrikta vore større enn på lenge. Det er svært gledeleg.

Etter rapportane er det størst aktivitet i Luster og Sogndal. Stryn følgjer deretter. At behovet er til stades, er det ikkje tvil om. Luster JFL har blant anna hatt hundar frå Florø, Måløy og Årdal.

Skal vi ha aktivitet, må hundeeigarane få greie på det. Luster JFL kontaktar kvar hundeeigar i kommunen med orientering om at no er det hund/sau - kurs. Då veit alle hundeeigarar om det.

Gloppen JFL har kjøpt nytt el. halsband. Dei hadde ein del problem med det forrige. Det viser at dei tek dette på alvor.

Det var ingen som tok kontakt ang. brukarkurs i 1997. For 1998 har Gloppen JFL tinga kurs. Det er klart vi stiller opp med glede. Vi forventar at fleire tek kontakt angående brukarkurs.

Vi håpar på eit aktivt år i 1998.

Med helsing
Bjørn Monsen
-Fylkesinstr. El.Dressurhalsband-

ÅRSMELDING FRÅ FYLKESSEKRETÆR

Reidun Solberg Seim gjekk ut i 1 års permisjon 9. juni -97.

- * Deltok på Vestnorsk Villmarksmesse 25.-27. april.
-mykje førearbeid og div. møter.
- * Ansvarleg for Messeavis til Vestnorsk Villmarksmesse.
- * Deltok på årsmøte i Studieforbundet Natur & Miljø, samt eit styremøte der.
-har vore sekretær og kasserar i Natur & Miljø.
- * Deltok på styremøta til SFJFF fram til juni.
-4 styremøter
- * Fylkessekretærsamling 12.-13. mars i Oslo
- * 1 FRIFO-møte i Førde
- * Årsmøte i SFJFF 15.-16.mars i Førde

Eg byrja i vikariatet som fylkessekretær den 1. august 1997. I byrjinga vart det arbeidd mykje med å få dei ulike kursa for kvinner i boks. Ut over hausten vart dei kursa ein hadde fått midlar til gjennomført. I tillegg vart det arrangert ein havfisketur. Arbeidet med medlemsavis vart òg ei viktig oppgåve utover hausten. Medlemsavisa "Jeger & Fisker" kom ut i oktober. Dette er nok litt for seint på hausten, men noko av årsaka var at det viste seg omtrent umogeleg å finne annonsørar på denne tida av året.

Fylkessekretæren har hatt eit aktivt samarbeid med kvinnekontakten. Når det gjeld PR om satsing på kurs/aktivitetar for kvinner vart det ein tur til Florø som førte til ein avisartikkel i avisa Firda.

I tillegg vart det ein tur til Kråkenesmarka der Birger Meland laga eit intervju/reportasje om hagleškyting.

Eg deltok sjølv på 3 av kursa for jenter:

- * Flugefiskekurs for kvinner på Hauglandssenteret/Guddalsvassdraget
- * Rifleinstruksjon for kvinner på Tua, Nordfjordeid
- * Haglekurs/Småviltjakt i Luster/Sognefjellet

Ellers har eg delteke på følgjande samlingar:

- * Fylkessekretærsamling på Karmøy 18.-20. sept.
- * Landsmøte i Oslo 14.-16. nov.
- * Formannskonferansen i Førde 28.-29. nov.
- * Kurs i lokal jakt- og fiskeforvaltning i Førde 29.-30. nov.

I tillegg til vanleg kontorarbeid har det vore 3 styremøter hausten 1997 og det har vore noko saksarbeid i forbindelse med desse.

Dei prioriterte oppgåvene for fylkessekretær er som følgjer:

1. Dagleg drift av kontoret.
2. Vere meir synleg ute i lokalforeiningane og aktivisere lag og foreiningar med liten aktivitet.
3. Medlemsverving med spesiell vekt på kvinnesatsing.
4. Stimulere til meir studieaktivitet.
5. Pressemeldingar til media, generell informasjon.
6. Førebu saker/prosjektarbeid.
7. Medlemsavis.
8. Arbeide med oversikt over jakt- og fiskevald som lokallaga disponerer.

Med helsing
Torunn Rygg
-Fylkessekretær-

Kontorutstyr som SFJFF eig pr. 31.12.97

| | | |
|-------------------|-----------------------|------|
| 1 datamaskin (PC) | CARAT I 486 DX 50 | 1995 |
| 1 telefaks | BROTHER FAX -470 | 1995 |
| 1 modem | FAKSMODEM 5888000 BPS | 1995 |
| 2 kopimaskiner | LANIER 6112 COPIER | 1990 |
| | LANIER 6813 COPIER | 1997 |

| | | |
|-------------------|---------------------|--------------|
| 1 skrivar | HEWLETT PACKARD | |
| | DESKJET -500 | 1986 |
| 1 skrivemaskin | FACIT 7810 | eldre modell |
| 1 trådløs telefon | ZODIAC DIGIPHONE 10 | 1997 |